


Kyrkjeblad for Lom

Nr. 4 2016

Gjørdalen - Lom - Garmo

75. årgang



Ordet vart menneske

I opphavet var Ordet, og
Ordet var hjå Gud. Han var
i Opphavet hjå Gud. Alt vart
til ved han, og utan han vart
ikkje noko til av det som har
vorte til.

Og Ordet vart menneske og
tok bustad mellom oss, og
vi såg hans herlegdom, ein
herlegdom som den einborne
Sonen har frå Far sin, full av
nåde og sanning.



Biskob Solveig Fiske si andakt Jula 2016

Det var sent da Maria og Josef ankom den lille byen Betlehem. De slitne føttene fikk endelig hvilt seg da de fant husrom i den enkle stallen. De hadde reist langt - ja, nesten hele 150 km til fots.

Den unge Maria var gravid, og kanskje var det ikke helt enkelt å hankses med et esel heller. Men da stjernen kom opp på himmelhvelvingen og tonene fra englesangen hørtes ble nok utslittheten fylt av glede over det lille barnet som ble født. Da Maria og Josef la i vei for å la seg innskrive i manntall, visste de ikke at de satte i gang en bevegelse som spredte seg fra denne lille byen og ut til alle verdens hjørner. En bevegelse som også nådde oss her i nord. Denne bevegelsen fortsetter å berøre, utfordre og avdekke. Det er en bevegelse fylt av budskapet om barmhjertighet og nestekjærlighet som kaller oss til å formidle dette i ord og handling.

Mange av dem som har utsmykket kirkene rundt om i verden er også tydelig berørt av fortellingen om den lille hellige familie. Øverst på mange altertavler finner vi engler; og det er derfor treffende at det er fra alteret at nettopp ordene «Ære være Gud i det høyeste» lyder i våre gudstjenester. Dette er med på å understreke lyset og stemmen fra evigheters evighet, og slik holde fast på at evangeliet alltid er større enn det vi fatter dybden av. Dette er det godt å ha med seg inn i høytiden og inn i det nye året.

Nederst i en krybbe i en stall er det lille Jesusbarnet: Guds kjærlighet. Englene synger fortsatt: "Frykt ikke"! De vet at vi trenger det mer enn noen gang.

Velsignet julehøytid og godt år 2017!



LOM KYRKJEKOMMUNE

Trefftid på KYRKJEKONTORET
4. etasje på Midtgard mandag til fredag
kl. 10:00 - 14:00
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom
Bankkonto: 2085 07 11772

LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD
Steinar Hov, tlf. 951 44 910
steinar.hov@gmail.com

SOKNEPREST
Einar Gelius, tlf. 481 65 529
Prestegarden: 906 55 838
soknepresten@lom.kommune.no

KYRKJEVERJE
Borghild Skarelven, tlf. 481 65 527
kyrkjeverje@lom.kommune.no

KYRKJELYDSSEKRETÆR
Gunn Berit Vole Mork, tlf. 481 65 528
kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

TRUSOPPLÆRAR
Guri Husom, tlf 481 65 528
guri.husom@lom.kommune.no

ORGANIST, KYRKJETENAR
Terje Blakarstugun
KYRKJETENAR
Jonas Fjeld
tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75
kl. 10:00 – 14:00
tlf. Garmo og Bøverdal kyrkjer,
400 62 194 kl. 10:00 – 14:00
kyrkjetenar@lom.kommune.no

BLOMEFONDET(merk "blomefond")

Bankkontonr.: 2085.07.11772

KYRKJEBLADET(merk "kyrkjeblad")
bankkontonr: 2085.07.11772

Bladpengar pr år:

Innanbygds:	150,-
Utanbygds	200,-
Utanlands	250,-

OMVISARTENESTA

Tlf. 97 07 53 97

booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

KYRKJEBLAD FOR LOM

Redaksjonsgruppe: Anna Magni Larsen,
Anne Sulheim, Aud Kvamme,
kyrkjelydssekretæren og soknepresten

UTFORMING/SIDEOPPSETT
Ola Ø. Rossehaug &
Gunn Berit Vole Mork

TRYKK
Dale-Gudbrands Trykkeri as,
tlf. 61 27 73 50 lasse@dg-trykk.no

Presten sine tankar

**Eg både gler og gruer meg til jul.
Det er som å ha sommarfuglar
i magen. Det kriblar litt ekstra
i magen når vi er spente, når vi
gler oss og når vi har noko å sjå
fram imot.**

Julehøgtida er ei tid som er fylt opp med minne, tradisjonar, mat, lukter og kjensler. Frå min eigen barndom sit alle dessa gode minna – julekakene som mor mi bakte, juletorsken og graut med mandel i, juletreet som vart pynta vesle-julaftan og alle familieselskapet. Eg har prøvd å vidareføre nokre av desse tradisjonane i min eigen heim og til mine eigne born.

Men det å ha sommarfuglar i magen, kan òg skuldast det stikk motsette av glede og forventning. Vi kjenner det kriblar i magen når vi gruer oss til noko, når vi er lei oss og når vi er redde.

Både du og eg strevar
med liva våre. Vi har
gode dagar og mindre
gode dagar.

Julehøgtida er òg ei sårbar tid, kor alle dei vonde minna og kjenslene kjem til syne og vert til og med forsterka. Eg gruer meg til jul fordi det er den tida på året kor det vert mest synleg at borna mine er skilsmisseborn og må pendle mellom mor og far. Ein julaftan utan borna mine er den mest einsame dagen i året.

Andre gruer seg til jul fordi dei saknar nokon av sine kjære, andre fordi dei fryktar at mor eller far er fulle på julaftan, eller etter andre fordi dei kjenner seg so einslege.

Ein forfattar sa det eingong slik: «Kva nyttar den skotsikre vest, om dauden kjem frå hjartet?» Kva nyttar det om vi byggjer forsvar opp mot kvarandre, om det berre er kulde og tomheit inni oss?



I julehøgtida høyrer vi bodskapen om den store gleda – ei glede for heile folket. For både dei som gler seg og gruer seg til jul. Om vi finles julesalmane, vil vi oppdage at eit viktig tema i dessa salmane, er at Jesus er komen til oss for å snu sorg til glede, for å snu mismot til von og livsmot:

«Nå all vår naud og sorg er bøtt, oss er i dag ein Frelsar født».

Eg trur jula sitt viktigaste bodskap er dette: Vi som har både gode og därlege sommarfuglar i magen før jul – til oss er det Jesus er komen for å seie at ingen av oss er einslege: «Han steg til lave hytter ned med nyårsråver: fryd og fred».

Både du og eg strevar med liva våre. Vi har gode dagar og mindre gode dagar. Livet er ei forunderleg reise med både medgang og motgang. Sorga og gleda vandrar ofte saman. Dei gode kjenslene og kjensla av uro og frykt.

Vi står framfor ei ukjend framtid – men ikkje framfor ein ukjend Gud. Jesus har kome til oss for å gjere oss trygge når vi kjenner oss redde, for å gje oss von når vi har lyst til å gje opp og for å gje oss kjærleik når vi har missa trua.

God jul til kyrkjelydane i Garmo, Bøverdalens !



EINAR

Helsing frå rådsleiar Steinar Hov

Takk til alle friviljuge og tilsette i kyrkjelydane i Lom!

No har det nye rådet vore i arbeid snart eitt år og har fått noko erfaring i kva rådsarbeidet går ut på. Saman med dei tilsette, og ikkje minst alle dykk friviljuge, er vi eit team som ynskjer å leggje til rette for eit godt møte mellom bygdefolket og kyrkja. Kyrkjebygget i seg sjølv kan gje den som kjem inn eit lite pusterom i kvardagen, roe ned kroppen og sinnet og kanskje gje næring til tanken på at det er noko meir mellom himmel og jord enn det vi ser med augo. Hit kjem vi både i kvardag, fest og glede, men òg når livet er mest prega av sorg og tunge dagar.

Eg vil på vegne av Lom kyrkelege

råd få takke alle som er med på å gjere ein viktig dognadsinnsats for kyrkjene og kyrkjelydsarbeidet i Bøverdalen, Lom og Garmo. Denne friviljuge innsatsen kan ikkje så lett vegast og målast, men om alle som gjer «berre» litt, slutta med å gjere akkurat det, ville mange vorte fortusta over kor godt det ville merkast i kyrkjelydsarbeidet. Tenk stort om ditt vesle, eller eigentleg store bidrag til fellesskapen – kyrkjelyden! Takk til kvar enkelt av dykk som er; tekstlesarar, kyrkjevertar, leiarar i barneklangen, medhjelparar i trusopplæringstiltak, alle som er med på rake- og plantedugnad, de som arbeider med kyrkjebladet, alle som gjev pengar til

blomefondet og gåver til kyrkjene, de som bakar og bidreg til kyrkjekaffi og andre arrangement, alle som er med i ulike komitear og arbeid som ikkje er nemnt her. Med ynskje om ei velsigna adventstid og julehøgtid!



Steinar Hov

Trass i korrekturlesing frå heile redaksjonen, sneik det seg inn feil da vi skulle gje dykk namna på konfirmantane i Lom kyrkje laurdag 21. mai 2016. Her er korrekt informasjon:



Fremst frå venstre: Sokneprest Einar Gelius, Ingrid Aas Haugredet, Siri Aaboen, Rønnaug Mork, Marthe Kvåle, Line Kjørren, Elise Øverli Bore, Mari Husom Kjørren, Live Marie Kleiven.

Midtarste rad frå venstre: Jens Fossen, Vemund Fyrun, Gorm Kvistad, Einar Magnus Aukrust, Brit Irene Mork, Torhild Brenna, Åsmund Risheim, Marcus Antonio Vole, Erik Vaagaasar.

Bakast frå venstre: Amund Olav Rusten, Martin Sæter, Ørjan Nørjordet, Reidar Aurmo, Håkon Marstein.

Prestegardens kvinneforening 1876 - 2016

**Sundag 13. november markerte
kvinneforeininga 140-årsjubileet sitt.
Då var det messe i Garmo kyrkje, der
sokneprest Gelius og regionleiar Else
Storaas Vatne deltok.**

Teksten for dagen omhandla kvinna som fekk retta opp ryggen sin i møte med Jesus. Vi fekk høyre om kvinner rundt i verda som har retta seg opp etter eit slikt møte. Det gjeld og misjonskvinnene opp gjennom tida. Roar Aas og Steinar Hov song og spela for oss saman med organisten, og vi fekk vere med og feira ei lita jente sitt møte med Jesus i dåpen. Vi takkar for alle som kom, og for gava dei gav til foreininga og Det norske Misjonsselskap.

Etter messa vart alle inviterte til rømmegraut og avletter, kaffe og kake på Sandom. Her vart det nokre historiske glimt ut frå Oddbjørg Blakar sine artiklar. Kari Anna Bækken las dikt, og ein trio frå Vinstra med Kjartan Ruset som leiar, song. I jubileumsåret har foreininga 6 faste medlemmar, og vi tek gjerne imot fleire! Neste møte, 6. desember klokka 18:00, vert i prestegarden. Til slutt fekk kvart medlem handstøypte ljós i gáve frå regionleiaaren.

JULETREFEST 4.juledag

Velkomne til juletrefest på Bøverdalen Samfunnshus onsdag 28.des. kl. 19:30 Dette er ein fest for alle i bygda, og «uttabygdes» er sjølvsagt også hjarteleg velkomne! Loddsal. Programinnslag. Gonge kring juletree og servering.
Inngang kr. 50,-. Alle under 15 år går gratis.



Prestegardens kvinneforening anno 2016:
Oddbjørg Blakar, Anna Magni Larsen, Kari Anna Bækken, Anne Haave, Bjørg Øyøygard og Liv Elisabeth Storeby Stenersen.

Vi takkar Gud, som lar oss få vere med i dette store arbeidet med å bringe Jesus ut til alle.

Vi takkar alle som kom, frå Vinstra og området utvallet i NMS, frå foreininga i Vågå, og frå bygda.

Og takk til alle som var med og gjorde dette til ein dag for glede, takk og ettertanke, og for gode ord og helsingar.

Anna Magni

Jul i Lom kyrkjekommune:


I julehøgtida er det messer i alle tre kyrkjene i Lom kommune.

Julaftan tek Einar prest og Terje organist turen til Lom Helseheim kl. 11:00, før dei held messe i Lom kyrkje kl. 15:00. Til kyrkja kjem også Lom Spelemannslag. Fyrste juledag vert det messer både i Bøverdalen og Garmo kyrkjer. Merk tida: Bøverdalen kyrkje kl. 11:00 og Garmo kyrkje kl. 14:00. Både messene er ved sokneprest Einar Gelius.

Andre juledag er det inga messe i Lom kyrkjekommune.

Julegåvetips:

Kyrkjekontoret i Lom sel to bøker:
«**Bøverdal kyrkje 150 år 1864-2014**» og
«**Lom stavkirke**» av Vera Henriksen og Anne-Mette Kolden.
Båe bøkene er utgjeve av Lom kyrkjelege råd, og kostar **kr. 150,- pr. stk.** no i adventstida.



Musikkskattar frå oppskatta folkemusikar!

Vi legg ved eit par musikalske bidrag i dette nummeret. Desse har vi fått av Aslak Brimi, og dei vert framført av «Rimrose» på julekonserter.

«Jolestjerna» er ei tekst av Olav Øygard (1885 – 1960) frå Skjåk, og er henta frå «Vårsong – Dikt i utval», Skjåk kommune 2010. Aslak har tonesett denne.

Merk: Nokre ord er endra til ei form meir likt slik det vert skrive og tala i dag.

Mange takk til Aslak for at vi fekk lov å trykkje dette i bladet

PS: Gratulerer så mykje som årets folkemusikar!



Fotograf: Ingvil S. Ljones

Jolestjerna

T: O. Øygard; M: A. Brimi

A musical score for a Norwegian folk song. The score consists of four staves of music, each with a treble clef and a key signature of one flat. The time signature is 3/4 throughout. The lyrics are written below the notes, corresponding to the chords: Dm, Am, Dm, Dm; Dm, Am, Am, Dm; Dm, Am, C, Dm; Dm, Gm, Am, Dm. The lyrics are: Høgt over himen ei stjernen lys-te, Bet - le - hems - stjer - na um jo - le - natt; Syn - te fram lei - da til hu - set som hy - ste ny - fød - de frel - sar frå syn - da som batt.

Melodivariasjon 3.vers, start av 2.linje:

Sidan nedetter i tider lange
Betlehemsstjerna um jolenatt
vegen har synt til so mange, so mange,
vegen til han som dei sæle gav att.

Driv du åleine langt burte frå heimen,
leida, du tapte, du ei finn att,
prøv um du ute i framande sveimen
finn Betlehemsstjerna ei julenatt



"Mens i krybben sped du lå" - er ei ukjent Grundtvik-salmetekst som Aslak og har tonesett. Denne fekk han fra tidlegare sokneprest i Lom, Synnøve Sakkura Heggem

Mens i krybben sped du lå

T: N. F. S. Grundtvig; M: A. Brimi

Mens i kryb-ben sped du lå deg fra mar-kens ø - de
5 brak - te snill Guds him - mel blå dog en før - ste grø - de,
9 vin - ket, med et mor - gen-skjær, dem, der tjen - te him - lens hær,
13 Je - sus! til din vug - ge.

1. Mens i krybben sped du lå
deg fra markens øde
brakte snill Guds himmel blå
dog en første-grøde,
vinket, med et morgen-skjær,
dem, der tjente himlens hær,
Jesus! til din vugge!

2. Østens vise på den ferd
fant ei spir og krone.
Konge-Moder hadde der
gulvet kun til trone,
verdens skaper lå i svøp,
dog igjennom jordens støv
glimtet himmel-glansen!

3. Til den sorte armod kun
syndes skapt den hule,
dog seg rikdom uten bunn
ville i den skjule!
Her lå han i stodder-drakt, *
som ga himlen all dens prakt,
englerøst og vinger!

4. Vismenn gikk i stjernespor,
solen å opplede,
engleskaren fløy til jord,
barnet å tilbede!
Ære være Han i svøp,
som for vår sin skyld i støv
svøpte guddomsglansen.

5. Lyd, halleluja, for ham,
for guds sønn den spede!
Skjule ville han vår skam,
skjenke stråle-klede!
Vi som kneler i hans navn,
føres til Gud-Faders favn,
i hans svøp med ære.

* Stodder = fattigmann / fattig person som vandra kringom på landevegane

Julekonsert med Lomsklangen

Lomsklangen inviterer til julekonsert i Lomskyrkja tysdag 13. desember klokka 19:30.

Barneklangen og Lom & Skjåk Brass deltek saman med oss, og kanskje får vi med ein solist eller to.

Vel møtt til ein stemningsfull førjulskveld der publikum også får høve til å syngje med!

Inngang: kr. 100,- for vaksne.

Gjeling-Ljomen sin julekonsert

Gjeling-Ljomen held sin tradisjonelle julekonsert i Garmo kyrkje fredag 16. desember kl. 20:00. Dette er nr. 18 i rekka sidan koret vart stifta i 1997. Det vil bli framført både tradisjonelle og nyare julesongar. Bjørn Kåre Odde deltek ved konserten, så vi vil også i år få høye vakre feletonar.

Reidar Svare og Randi Eriksen Strand medverkar òg som solistar.

Billettsal ved inngangen: kr. 200,-.

Felles stabs- og studietur til Berlin

I oktober 2016 reiste 32 kirkeansatte i Nord-Gudbrandsdal prosti på tur til Berlin. Alle kirkeansatte i de sju kommunene var invitert, og det var gledelig at så mange ble med. Det ble en veldig flott og lærerik tur for oss alle.

I 2017 er det 500 år siden Martin Luther slo opp sine 95 teser på kirkedøra i Wittenberg og startet på den måten opp den prosessen som førte fram til den Lutherske kirken. Dette skal markeres i våre kirker på mange måter. Det var derfor viktig at alle våre ansatte fikk en innføring i historien bak vår kirkes opprinnelse. Vi jobbet med de viktigste spørsmål som også er viktige for vår kirke og vårt samfunn i dag under overskriftene; «Nåden», «Frelsen er ikke til salgs», «Skaperverket er ikke til salgs» og «Mennesker er ikke til salgs».

Vi hadde en dag i Wittenberg for å se om vi kunne finne noen spikerhull i kirkedøra, men vi fant ut at det vel hadde vært noen kirketjenere der som hadde fikset dem. John Rustad var guide og førte oss trygt rundt.

Stabsturen var satt i gang for å tenke enda mer samarbeid mellom alle ansatte i kirkene



våre og menighetene i prostiet vårt. I den nye kirkeordningen etter skillet mellom stat og kirke, blir dette helt sikkert enda viktigere enn før. Gjennom denne turen tror jeg alle ble mer kjent med hverandre, og at det derfor blir lettere å få til dette samarbeidet framover. Det var fint å se hvordan alle møtte med en veldig positiv innstilling og brukte mye tid på å bli kjent med hverandre.

Tusen takk for turen!
Paul – prosten i Nord-Gudbrandsdal prosti

KONFIRMANTTUR TIL TRONDHEIM

Siste helga i september reiste vi til Trondheim på «bli kjend-tur» med nytt konfirmant-kull. Nesten alle var med; 23 av 25 konfirmantar.

Vi besøkte Vår Frue kirke, Vitensenteret, Egontårnet og ikkje minst Nidarosdomen. Det som nok gjorde størst inntrykk på både ungdommane og oss vaksne, var som i fjor: besøket i Vår Frue kyrkje. Der møtte vi ein som var gateprest i Trondheim. Han fortalte historia til kyrkja og korleis den er driven no, som ein møteplass for heimlause, rusmisbrukarar og andre trengjande.

Etter ei flott høgmesse i Nidarosdomen, sundagen, fekk vi omvisning der. Eit imponerande bygg!



Dette var ei fin byrjing på konfirmanttida, og framfor alt vart vi godt kjende med kvarandre for vidare samarbeid.

Vi gler oss til å følge denne fine gjengen vidare! Takk for god hjelp denne helga til Beate Stø og Randi Glimsdal Bakke!

Gamle juleskikkar slik Gjendine hugsa det

Ein gong vart Gjendine Slålien spurd om å fortelje om gamle juleskikkar. Det var Ragnhild Galde som på 1940-talet hadde fått denne stiloppgåva og spurde Gjendine om hjelp.

Gjendine skreiv om dette på ein papirpose og sende det med postmannen til Nigard Galde. – Gjendine vart fødd i 1871. Når ho skreiv ned «gamle juleskikkar», var det truleg frå tida da ho var barn og ungdom, altså slik det var på 1870-, 1880- og 1890-talet. Gjendine skreiv dette:

Forberedelsene begynte 7 uker før jul. Det første var tørking og maling av korn og rug til vinteren, og til jul skulde det være ferdig alt. Så var det å bløte korn så man fikk malt til jule-ølet. Det var ofte at mainn låg tre netter i rad, kvennen kunde ikkje snu seg mange gange i timen og råt og kaldt var det i kvernhuset. Det var ein liten skorstein i eine roen, og ved måtte døm frakte med seg sjølve. Når man fikk melet hjem så var det å bake brød. For det meste så havde de igjen maisk fra forrige Ølbrygg. Da bakte de maiskebrød med litt rugmel, og tvisteikte det.

Så var det å have handverker, skreiddar og skomaker. Dem kunde man have fra 14 dage og optil 3 uker. Så kom slaktingen. Den var vidt forskjellig. Af blodet lagde de pølsen. Da tok de bukflesket og kokte, og når det blev koldt, så skar de det i lange strimler og havde i pølsene og kokte dem. Grispølse var god både kold og varm. Måren hakket de med øks i en lang uthulet trestokk. Grisehodet lagde de på det saltede flesket til nærmere jul, da de lagde sylte. Sylte-mysen bestod af kokt myse etter gammelosten fra seteren. Kokt i hop med nogre neva med salt. Og så hadde døm surmysublante til

drikke, ståendes i høgsætebenken hele tiden.


Døm skulde bake litt finere innpå jul. Rumbrød og steikte avletter, koke fattigmann og jernbakels. Ja, juleølet var godt, det var bedre en nordhammar nu, det sto som ein hatt, kvitt av gange. Til jul bakes mjukbrød og kaku af hjemmeavlet rug, og da var det mange som steikte kaku same dagen, for de måtte varme opp turrstugu for det fantes ikke stekeovn i heile grenda. Det kunde være opp til 15 som steikte samme dagen, og da var døm svarte af sot og røik så dæ gløste i øiene deres! Og døm både drog og bar og kjørde heim sine kaku, så det var ein livleg dag!

Så var det for karane å hogge julved og lådå den ind og inkje at glemme Julekvelds-kubben som de reiste i Skorsteinen så den



lyste over hele stuen. En masse grønt skulle det være i kjeller og bod og utenfor alle døre. Juletreet kjente ingen den gangen. Men det var da en god tanke at de ville pynte med grønt til jul. Ovenfor alle dører var det et barkors og nede ved døren stod det en solv så døm skulde få sope tå seg som gjekk ind i fjøset klokken 12 julenat.

Da skulde alle kuer være løse, men alt rolig når folk kom. Julenek var det mange af, et på stue, et på fjøs og et på låve. Når døm da kom ind julekveld var det dram og biteti. Så gikk kvar til sitt



og pyntet seg for julekvelden, da fikk de eftasværd. Kaffe var det ikkje å få da. Han var visst kommet til Lillehammer og så den var ikkje i hver gård! Det kunde nok hende at døm var litt snurne ut på kvelden. Jentene og gutane kom ind og skjenkte både husmor og husbond og alle som i huset var.


Da var maten ferdig. Det var mjølkekrynn og ribbe, og dram efter maten. Og da kunde døm somle til 11-12. Juledags-morgonen kom guttene i grenden og vilde skyte ind høytiden. Da smalt det for alle glas klokken 6, og da for de i hele grenden. Døm som vakna af skuddet skulde springe og tage skytteren og bede ham med seg ind, for skytteren skulde ha dram. ... Men så var det mange som reiste til kirken. Alle budeiene skulde have juleskyds åt kirken.

Les meir i Heim og bygd 2003

Bakedag med 5-åringane




Bakedag med 5-åringane er eit svært godt innarbeidt trusopplæringstiltak, og bakegjengen i år var minst like ivrige som 5-åringane frå tidlegare år.



STØRST

Organist (les: altmoglegmann) Terje hadde i samarbeid med trusopplærar Guri eit godt opplegg, med god hjelp av Bjørg Øyoygard og Sølv Nilsen. I tillegg til nattverdbrot til messa sundag, baka 5-åringane også lomper og eplekake, og rørte tyting.



T AV ALT



Heim og ætt

Døpte:

Garmo:

02.10.: Anna Oddveig Stokke
02.10.: Jo Gjeisar Enersvold
13.11.: Signe Moshagen Vole



Lom:

04.09.: Vemund Kongsrud Christensen
16.10.: Emil Solheim Lyngved
16.10.: Varg Bakke Gjeisar
16.10.: Magnhild Osten Lyngved
16.10.: Mathilde Løberg-Rebni
16.10.: Elise Kolden

Vigde:

Lom:

03.09.16: Tine Albert og Are Brodersen, ✉ Tofte.
17.09.16: Anette Haakens og Erling Kittelsen, ✉ Oslo.

Jordfesta:

Lom:

07.10: Arne Marstein, f. 1942
14.10: Anne Skogsrød, f. 1949
11.11: Odd Bråtet, f. 1936
18.11: Torø Bergon, f. 1918



Bøverdalen:

21.10.16: Ronny Nestvold, f. 1975



Nytt kyrkjelydsbygg i Lom:

Status i skrivande stund er at vi ventar på svar på vår dispensasjonssøknad til Lom kommune. Dersom denne går i orden blir det igangsett anbodsrunde snøggast råd!

Vi minner om at varmeomnane i kyrkjene er på!

Med vinter og kulde ute set vi på elektrisk varme i kyrkjene våre, og omnane er varme!

Vi vil difor be dykk alle om å passe godt på så det ikkje kjem klede eller sko/skosålar innpå omnane.

PRESTANE SIN VAKTTELEFON I NORD-GUDBRANDSDAL:

VAKTNUMMER: 414 81 457

Kveld/natt: Kvartdagar kl 17:00 - 09:00

Helg: Fredag kl 17:00 - Måndag kl 08:00

Om kyrkjebladet

Kyrkjeblad for Lom vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Bladet kjem ut med 4 nummer i året. I neste kyrkjeblad vil vi leggja ved giroblankett for betaling av kyrkjebladet.

Vi ynskjer å takke kvar einskild som har støtta bladet dette året, og oppmodar alle heimar om å støtte Kyrkjebladet for Lom.

Vi set også stor pris på at mange utanbygdes abоннерer på bladet.

Dette året har vi hatt nær 50 adresser på abonnentlista, og vi tek gjerne imot fleire. Kanskje eit julegåvetips? (Abonnementinformasjon står under kontaktinformasjonen vår).

Hugs berre å skrive namnet til den som abоннерer ved innbetaling. Ofte står det berre kontonummeret, og da har vi ikkje høve til å finne ut kven som har betalt.

Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad er 14. feb. 2017!

ORDET

Kva hjelp det å syngje
som elv i det aude?
Kva hjelp det å kynge
med klokker for daude?

Slik undrast og spør vi
i modlause stunder.
Men hugse det bør vi:
Eit ord er eit under.

Kva hjelp det å skapa
all venleik i verda,
når Ordet lyt tapa
for svolten og sverda?

Dei gløymest dei gjæve,
og alt det dei gjorde.
Men livet er æve.
Og evig er Ordet.

Tor Jonsson - frå diktsamlinga «Mogning i mørkret», 1943.

TOR JONSSON

* 14. 5. 1916 + 14. 1. 1951

REIST AV LOM KOMMUNE

GUDSTENESTEPLAN

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, er det som regel messe i Skjåk kyrkjekommune – og omvendt. Sjå meir informasjon under messeplanen.

Sundag 04.12. 2. sundag i adventstida
BØVERDAL KYRKJE kl. 17:00. (MERK TIDA!)
Ljosmesse der konfirmantane deltek. 3-åringane er inviterte for å få sin eigen adventkalender. Offer til eige arbeid.

Sundag 18.12. 4. sundag i adventstida
LOM KYRKJE kl. 11:00. Messe med barnedåp.

Måndag 19.12.

- LOM KYRKJE kl. 09:15. Skulegudsteneste.
- LOM KYRKJE kl. 10:30. Julestund med Loar barnehage.

Laurdag 24.12. Julafatan

- LOM HELSEHEIM kl. 11:00. Julafantsandakt.
- LOM KYRKJE kl. 15:00. Familiegudsteneste med offer til Kirkens Nødhjelp

Atterhald om endringar i gudstenestepalanen: Sjå fast annonse i Fjuken, GD-Puls både på nett og i papirutgåva, i kalenderen hjå www.lom.kommune.no, på vår heimeside: <http://www.lom.kommune.no/kyrkja.136853.nn.html>

eller fylg oss på Facebook: Lom Kyrkjekommune
Messer i Skjåk kyrkjekommune finn du her: <http://skjaak.kirken.no>

Bruk av pynt og levande ljos på kyrkjegardane

Vi er stolte av dei vakre kyrkjegardane i Bøverdalen, Garmo og Lom. Folk er flinke til å pynte på gravene. Om vinteren ynskjer mange å pynte med ljos, men vi lyt minne om at det ikkje er høve til å nytte levande ljos eller noko som helst med flamme på våre kyrkjegardar. Alternativet er å nytte lykter som går på batteri. Vi vil også minne om at pynt til jul på gravene lyt fjernast att når jula er over.

Særskild julepynt som ikkje er teken bort frå gravstadene, kan kyrkjegardsarbeidarane utan varsel fjerne etter 20.januar.

Vinterdekorasjonar elles skal festaren syte for vert rydda seinast 1. mai, jf. Kyrkjegardsvedtekten.

Sundag 25.12. Juledag

- BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00. Høgtidsgudsteneste med barnedåp, offer til Kirkens Nødhjelp
- GARMO KYRKJE kl. 14:00. Høgtidsgudsteneste, offer til Kirkens Nødhjelp

Laurdag 31.12. Nyårsaftan
LOM KYRKJE kl. 23:00. Nyårsmesse.

Sundag 08.01. Kristi Openberringsdag

- BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00. Messe.
- GARMO KYRKJE kl. 14:00. Messe.

Sundag 22.01. 3. sundag i openberringstida
LOM KYRKJE kl. 11:00. Messe.

Sundag 05.02. 5. sundag i openberringstida

- GARMO KYRKJE kl. 11:00. Messe og utdeling av biblar til 9-åringane. Offer til trusopplæringsarbeidet i bygda.
- BØVERDAL KYRKJE kl. 14:00. Messe og utdeling av biblar til 9-åringane. Offer til trusopplæringsarbeidet i bygda.

Sundag 26.02. Fastelavnssundag
LOM KYRKJE kl. 11:00. Messe.

Nyårsaftan i Lom

Den siste kvelden i året 2016 vert feira i Lom med eiga Nyårsmesse kl. 23:00 i Lom kyrkje. Det vert ei stemningsfull messe med fokus på året som har vore og det nye året som ligg framfor oss.

Messa er ved Einar Gelius og organist er Terje Blakarstugun.

VIKTIG!

Frå og med 1. januar 2017 vert det ei viktig endring i messelista. I år har vi hatt messe same sundag både i Garmo og Bøverdalen kyrkjer med tidspunkt kl. 11:00 og 19:30.


I 2017 vert tidspunkta kl. 11:00 og 14:00. Sjå messelista for kva for sundagar dette gjeld i det nye året!

Kultur, idrett og frid	61 21 16 30
Miljø	474 66 826
Miljøvern	958 25 410
Reinsesanallegget Fossbergom	61 21 12 30
Dritsoperatør Jon Terje Husom	906 74 417
Dritsoperatør Svein Arne Ølsen	979 80 482
Fagleiar kommunitateknikk	951 31 854
Renovasjon	468 21 863
Veg/vatn/kloakk	993 99 690
Renovasjon Melby Transport	905 99 690
Lom miljøstasjon	975 54 744
Teknikk vakt	971 53 580
Skogkontoret	958 26 661
Vitmedna	997 12 939
Eftersøksgruppa	951 18 893
Natur og friluftsliv	
Miljøvern	474 66 826
Reinsesanallegget Fossbergom	61 21 12 30
Dritsoperatør Jon Terje Husom	906 74 417
Dritsoperatør Svein Arne Ølsen	979 80 482
Fagleiar kommunitateknikk	951 31 854
Renovasjon	468 21 863
Veg/vatn/kloakk	993 99 690
Renovasjon Melby Transport	905 99 690
Lom miljøstasjon	975 54 744
Teknikk vakt	971 53 580
Skogkontoret	958 26 661
Vitmedna	997 12 939
Eftersøksgruppa	951 18 893
Offentlege etatar	22 77 72 10
Konfliktrådet i Oppland	481 65 527
Kyrkjeverge	481 65 527
Skattekontoret	481 65 528
Kyrkjedissekreter	481 65 528
Skattetetaten	800 80 000
Lom og skjak branntvesen	959 89 944
Politit	61 05 32 50 / 02800
Nord-Gudbrandsdal kommunerevisjon:	
• Ingulf Brandsarbakken	907 31 784
• Magnar Kolden	991 27 251
• Terje Husøy	951 52 688
• Kjell Petter Syvergaard	901 35 519
Skulde og utdannings	
Lærar skule	481 57 063
Lom ungdomsskule	61 21 10 91
SFO Lær skule	474 66 829
Vaksenoppfæring	61 21 10 91



Minntelofontatalog for Lom kommune

LOM



Barn og familie	
Lærar barnehage	481 65 530
Kreklimingen	481 65 531
Tytingen & Blabæra	481 65 532
Garmo barnehage	977 80 467
Høgkøylin	400 20 319
Lægkøyllin	918 18 655
Biblioteket	901 36 178
Barnevern	400 36 570
PPT	61 70 08 40
Burstad og eigedom	
Brannsjef	468 21 863
Byggjesakar	414 11 112
Avd. Ing. Kommunale bygg	959 89 941
Landbrukskontorete	905 75 253
Næring	975 22 977
Oppmåling	454 03 444
Tekniske tenester	993 96 529
Helsetenester	
Vaktelefon hemmesjukeplein	975 06 860
Fysioterapi	481 65 520 / 481 65 521
Ergoterapi	911 63 718
Helse- og legetenester	
Legekontor	61 21 72 00
Legemøter Ellen Olsavseen	900 24 427
Helsestøster	976 67 746 / 67 747
Tenesteleiar Pleie og osmorg	941 53 793
Vaktelefon hemmesjukeplein	975 06 860
Fysioterapi	481 65 520 / 481 65 521
Ergoterapi	911 63 718
Helse	
Legemøter	61 21 13 00
Tannglimikk	61 21 11 69
Psykiatrisk sjukeplein	481 49 062
Pleie- og osmorg/Lom helseheim	481 65 525
LEGEVAKT	116 117
Legevaka, kveld og helg	61 70 08 00
Kl.08.00-11.30 og 12.00-15.30	
Veterinæravakt	

Flyg med på www.lom.no

2016		Kva skjer i Utgård?	
Freitag 2. des	Kl. 18:00 SYNG «premiere» - alle	Kl. 20:00 The Girl on the Train - 15 år	Bygdekinoren
Torsdag 6. des	Kl. 19:00 - Julekonserter i Kulturstugu med Lom musikk- og kulturklubbe	Vaksne kr. 60,-/børn kr. 20,- (+serviceavgift)	Lom Ungdomsklubb
Freitag 14. des	Kl. 19:00 - Julekonserter «fargriket fellesskap»	Vaksne kr. 50 (+serviceavgift)	eller ring 959 06 090.
Freitag 16. des	Kl. 18:00 Gubben og Kartenn - Tidenes gladeste jul - alle	Kl. 20:00 Rogue One: A Star Wars Story	For mer info: www.lomnorsk.no/klikk-pa-linken LOM OPEN
3. dag juli - 27. des	Kl. 11:00 Innledandyturmering i Idrettschallen	Kl. 12:00 Innledandyturmering i Drøttshallen	Lom Innledandyturklubb
Torsdag 12. jan	Kl. 18:00 Dyrrene i Hakkerekkeskogen	Kl. 20:00 Hundreogettåringen som stakk fra regningene og forsvant	Bygdekinoren
Freitag 13. jan	Vinterkved i Utgård med utdeling av kulturpris og stipend	Vaksne kr. 130,-/børn kr. 50,- (+serviceavgift)	Freitag 2016.
Sundag 22. jan	Basar i Utgård	Lom IL	Vaksne kr. 130,-/børn kr. 50,- (+serviceavgift)
Lørdag 18. feb	Fjre forsøk på å gjøre en forsøkjell	Lom IL	Lørdag 18. feb
Freitag 3. mars	Klypa kjem med showet: Kjellen - Med Prostata Mot Stjernen	Kl. 1300 Kjellemed shovet: Kjellen - Med Prostata Mot Stjernen	Freitag 3. mars
Ondag 22. mars	Tornrose	Tearer Innlandet	Ondag 22. mars
Torsdag 23. mars	Annbjørg Liein	Mari Midtlien & Dovre Disiharmoniske seierskab	Torsdag 23. mars
Sundag 23. april			Sundag 23. april

2017		Dette er noko av det du kan få med deg til våren:	
Torsdag 12. jan	Kl. 18:00 Dyrrene i Hakkerekkeskogen	Kl. 20:00 Hundreogettåringen som stakk fra regningene og forsvant	Freitag 13. jan
Sundag 13. jan	Vinterkved i Utgård med utdeling av kulturpris og stipend	Vaksne kr. 130,-/børn kr. 50,- (+serviceavgift)	Sundag 13. jan
Lørdag 20. feb	Fjre forsøk på å gjøre en forsøkjell	Kl. 1300 Kjellemed shovet: Kjellen - Med Prostata Mot Stjernen	Freitag 3. mars
Sundag 22. feb	Tornrose	Tearer Innlandet	Ondag 22. mars
Lørdag 18. mars	Annbjørg Liein	Mari Midtlien & Dovre Disiharmoniske seierskab	Torsdag 23. mars
Sundag 23. mars			Sundag 23. april

Eit høgdepunkt for mange er russerevyen - og billettané ligg alt no ute for sal. Dessa kan det vera litt å sikra seg alt no! Kvar mandag er det Aerobic m/Bjørg Lund, kl. 18-19:30, til og med 20. feb-17.

bestemte arrangement

billettar der folk sjølvé kan velja, eller kjøp billett på arrangement i Utgård. Du kan kjøpe gavekort på Arrets julegåve til dei som har alt - BILLETTAR til

Alle arrangement for våren 2017 vil bli annonsert i desember, flyg med!

I Utgård er det no kino annankvar fredag! Kinooversikt og annan informasjon finn du på heimesidene til Utgård, www.lom.no.



LOM FLEIRBRUKSHUS

UTGÅRD

STORSTUGU

Lom helseheim

30. NOVEMBER 2016

open dag 10.00 - 12.00!

Kom og PROV MOTIVIEWSYKKELEN VÅR!

Leirfingane vil hjelpe deg i gang og du kan sykle etter filim som er spelt inn i Lom!

Ergoterapeut Ingunn Folden Grundtjern og fysioterapeut Liv Turum vil ut fra kvar sin stadsat snakke om temat fysisk aktivitet fra kl. 10.30 til kl 11.30.

Velkommen!

Kaffe og vaffler

Fysisk aktivitet fra kl. 10.30 til kl 11.30.

Pleie-og omsorgsavdelinga i Lom

Lom

Til kommunen: www.lom.kommune.no

Så full ulykkesstekst og seknadskjema på nettstedet
eller anna relevant utdanningsfra høgskule.

Mehr info: Marianne Randen tel. 61 21 72 25

Kvalifikasjoner: Helsefaglig, pedagogisk utdannings
Pleie og omsorg har bruk for vikarer på helg.

Vikar på helg

Mehr info: Ann-Mette Fjeld Hof, tel 474 53 241

Kommune sine felles mål og satsningsområde.
dyktig vernepleiar med vise og evne til å arbeide mot
Lom kommune har behov for utviklingsorienterte og
60% vikariat i Miljøarbeidartene fra 15.01.2017.

Miljøterapeut

Mehr info: Hanne Elisabet Bakken tel. 404 37 941

Stillegå skal bidra til å fremje aktivitet, miljøarbeid
og sosiale tilbak.

60% stillegå vikariat som aktiviteter/miljøarbeid
fagarbeidet. Fra 01.12.2016 til 30.11.2017

Aktivitør/miljøarbeidar/fagarbeidar

Ledige stillinger Lom kommune

Sundiag 4. desember!

Bli med på trivelige føyulsaktivitetar og få den gode julstemninga sundag 4. desember!

Hestridning ved Klatretrænet fra 14.00 - 16.00:

Vassvæglen - og jammen går det rykte om at både Rudolf og nissen kjem!

Arrangementet er i regi av Lom nasjonalfestivalen og visitjotunheimen v/handelsstasjonen.

Finca Agion



OPEN DAG

EGLALIA ARBEIDSSENTER

8. desember

Vi ønsker velkommen til ein trivelig julehandedag!

Oppningsstida er fra kl. 10:00 til kl. 14:00
- vi spanderar pepperkaker, kaffe og gløgg.

TORSdag

For privatpersonar:

Kva betyr det for deg?

Allie bedrifter og organisasjoner far vedtaka i Altinn.
Bedrifter og organisasjoner:

- Har du reservert deg mot å få elektronisk postkasse fra du vedtaker i Altinn.
- Har du ikke opprettet elektronisk postkasse før papir i postkassa.
- e-Boks) far du vedtaker det.
- Har du elektronisk postkasse (Digipost,
- Har du ikke opprettet elektronisk postkasse før du vedtaker i Altinn.
- Har du reservert deg mot å få elektronisk postkasse før papir i postkassa.

FERVILJUUG

LOM SENTRAL

Lom frivilligsentral

Oppningsstider:
mobili: 996 93 847
man - fra: 08:00 - 15:30

Boka kjem - noko for deg? Lom Bibliotek
! samarbeid med Lom Frivilligsentral, har utkryring av bokpakkert til eldre og uføre.
Takontakt med Biblioteket, tlf. 61 21 16 30
dersom du ønsker å få tilknyrt bokkert.
Kvar torsdag kl. 11.15, er det sprakkfør,
avslutning til jul den 15.desember!

Kva betyr det for deg?

Allie bedrifter og organisasjoner far vedtaka i Altinn.
Bedrifter og organisasjoner:

- Har du ikke opprettet elektronisk postkasse før du vedtaker i Altinn.
- Har du reservert deg mot å få elektronisk postkasse før papir i postkassa.
- e-Boks) far du vedtaker det.
- Har du elektronisk postkasse (Digipost,
- Har du ikke opprettet elektronisk postkasse før du vedtaker i Altinn.
- Har du reservert deg mot å få elektronisk postkasse før papir i postkassa.

Lom frivilligsentral

Aktivitetar ved

nr. 3 2016

I oktober 2016 gjekk Lom kommune over til å bruke SvarUt for å sende ut vedtak til privatpersonar, bedrifter og organisasjoner.

SvarUt er ein felles løysing for kommunar for formidle digital post til både innbyggjarar, næringssliv, offentlege og private organ.

Målet er å formidle dokumenter frå kommunal sektor rimelig, effektivt og sikret.

Post fra kommunen rett i den digitale postkassa din

SvarUt

Altinn

Lomsnytt

nr. 3 2016



facebook.com/lomkommune

Lom kommune nyttar bøvet til å ambulansta i Lom før det vittegruppa før takta dei innoverte i Støttegruppa før dei har lagt ned for oss i Lom!

Må ha!»
stør takksmed. „Dette er jo slik vi berre helesheim tok i mot den glide gava med liv og død. Øda Evy Øyen ved Lom kan utgjera den store forskjellen mellom helesheim har fått. Ein slik hjartesamarer anna til denne hjartesamareren som Lom midla støttegruppa disponerer gør mellom over drifta av ambulanse har behovet for etter at sykehuset Innlandet HF tok

lærrar.
som kurirering av alt fra smabarneførelse til ambulanse, utdanning av personal sá vel om midlar til innjop av materiell til Støttegruppa sokte den gongen kommune Olaseen, Liv Stenersen og Kjell Mallaug.
med et kjernehetsyre bestandde av Ellen Støttegruppe var oppretta i 1995,

gåvendryss!
disponerer blir brukt på et aldri så lite i Lom. Resten av midla støttegruppa med viktige arbeide for ambulansestesta i desse dagar avvikla, etter over 20 år Støttegruppa for ambulanse i Lom blir

gåva fra Ellen Olaseen
Et nært rørt Øda Evy Øyen tek i mot den glide gavna



Gild gavet til Lom helesheim

Tekstfoto: Kristbjørn Rossenbaug

giген person nær tida er mogen. den ekte Emma attende på skulen i lege til at det skal bli godt å få Men når det er sagt, må vi også heimeundervisningsituasjon.

Nyting hjelpemiddel i ein

Roboter er et svært

interesserte.

media og alle som elles mårte vera historie vi gjerne deler med både solskinshistorie fra Lar skule, ei om Emma og roboten blitt ei

Gjennom dette har historia

maten som elvar og forldre.

Lærarane Sølveig og Grette bitt filmu av NRK Even Luett



har takla det på same, positive klasselærarane, som også

utordring for

ei spennande

Det har vore

med.

har svært god erfaring

hjelpemiddeler, som vi

å få ta i bruk dette

sann givde for skulen

har difor vore ei

hjemme derira. Det

Det samme har dei andre

ellevane i klassa og

svært positive i denne prosessen.

Både Emma og heimen har vore

avisen har sløge det stort opp.

Nrk har vore på besøk for å

lagraportasje. Emma og

roboten bamar vegg!

Ei flue på veggen

oppdaget om nyvinninga.

Fjernsynet var heime

hja Emma og på skulen

Øsmyr ligge tilgjengeliggjører

før helga. Rapportasje i

hja Emma og på skulen

på nettsidene til Nrk -

Det har vore på besøk for å

utveksling for

klasseleiarane, som også

gjennom etterlikning

med et interesser.

I staden far Emma no vera med i

skulekardagene, både inne og ute,

skulekardagene, både inne og ute,


kan prate, stilte spørsmål og

ser og høyre det som skjer. Ho

gjennom ein robot på skulen, så

med et interesser.

Lom



www.lom.kommune.no
Post@lom.kommune.no
Tелефon: 61 21 73 00
2686 Lom
Sognefjellsvegen 6
Lom kommune

Lom
nasjonalpark-
landsby

■

Lomsykt

Informasjon fra Lom kommune - nr. 3 2016

